

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
014/2015	Radøy eldreråd	PS	13.11.2015
010/2015	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	13.11.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Johan Fredrik Bøschen Sandal	15/2064	15/13233

Bustadsosial handlingsplan - høyring

Saksopplysingar:

Utkast til bustadsosial handlingsplan for 2015-2020 er ei rullering/justering av bustadsosial handlingsplan for 2010-2014, men er noko omarbeidd. Planen set fokus på kva målgrupper som skal ivareta i eit bustadsosialt perspektiv. Planen er kort og generell i si form, og er tenkt som eit referansedokument for andre saker som vert fremja for politisk handsaming, utan at planen set for mange føringar.

Viktige element i planen er å foreslå anna organisering av bustader der bustadkontor er eit viktig virkemiddel, dernest at finansiering og auka bruk av startlån kan vera formålstenleg. Planen tar derimot ikkje for seg om tiltak skal vera offentleg eller privat finansierte, her er ein open med omsyn til Husbanken sine rammer. Det viktige er at byggeprosjekt som kommunen er ein viktig del av, skal gjennomførast med kommunen i førarsetet. Planen tar ikkje for seg lokalisering av nybygg.

Utkast til bustadsosial handlingsplan refererer til at det i budsjett 2016 er sett av midlar til å utgreia behov for nye institusjonsplasser ved sjukeheim, dagsenter, og behov knytt til Omsut. Men planen tar ikkje stilling til dei element som skal utgreiast.

Utkast til planskisse som no føreligg er utarbeidd av kommunalsjefen og Bjørg Murberg i pleie- og omsorg. Sak har vorte drøfta i kommunalsjef si leiargruppe 05.11.15, og skal vurderast nærare i leiargruppa. Det kan difor endringar/innspeil til plan. Desse blir kommentert i møte 13.11.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utkast til bustadsosial handlingsplan vert teke til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 010/2015

RMNF - handsaming:

Kommunalsjef for helse og omsorg, Johan Sandal, presenterte planen.

Etter og undervegs i presentasjonen kom det ei rekkje innspel.

Oddmund Skjelvik: Spør om samarbeid med Lindås når det gjeld deira målretta og systematiske arbeid, for å tilretteleggja eksisterande bustad.

Oddmund Skjelvik: Skeptisk til kjøp av bustad grunna vedlikehaldet som ofte vert saldert i budsjetta.

Magnar Klausen: Bør satsa på å leiga private, då desse vert tekne vare på.

Berit Kvalvik: Peika på at det ikkje alltid er lett å få innpass i private bustadar, og at ein bør kjøpa

privat eigedom.

Det vart vidare ein debatt der ein vart einig om å koma med innspel til områdeplan (arealplan) for å sikra bustadpolitikken i det sentrale Manger, uavhengig av om det er privat eller offentleg utbygging.

Leiar i råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Liv Berith Rath: Foreslo å kjøpa bustad med stor tomt, med tanke på deling og bygging.

Det vart ikkje røysta over forslaga, men råda ber om at dei vert tekne med vidare i prosessen.

RMNF - vedtak:

Utkast til bustadsosial handlingsplan vert teke til orientering.

Radøy eldreråd - 014/2015

ELD - handsaming:

Kommunalsjef for helse og omsorg, Johan Sandal, presenterte planen. Etter og undervegs i presentasjonen kom det ei rekkje innspel:

Oddmund Skjelvik: Spør om samarbeid med Lindås når det gjeld deira målretta og systematiske arbeid, for å tilretteleggja eksisterande bustad.

Oddmund Skjelvik: Skeptisk til kjøp av bustad grunna vedlikehaldet som ofte vert saldert i budsjetta.

Magnar Klausen: Bør satsa på å leiga private, då desse vert tekne vare på.

Berit Kvalvik: Peika på at det ikkje alltid er lett å få innpass i private bustadar, og at ein bør kjøpa privat eigedom.

Det vart vidare ein debatt der ein vart einig om å koma med innspel til områdeplan (arealplan) for å sikra bustadpolitikken i det sentrale Manger, uavhengig av om det er privat eller offentleg utbygging.

Leiar i råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Liv Berith Rath: Foreslo kjøpa bustad med stor tomt, med tanke på deling og bygging.

Det vart ikkje røysta over forslaga, men råda ber om at dei vert tekne med vidare i prosessen.

ELD - vedtak:

Utkast til bustadsosial handlingsplan vert teke til orientering.

Vedlegg:

Revidert bustadsosial handlingsplan v01 021115 (8) (L)(63764)